



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for næring og kultur
Møtestad	Gloppen hotell
Møtedato	20.03.2018
Kl.	10:00 – 14:20

Faste medlemmer til stades:

Karen Marie Hjelmeseter, Sp, leiar
Erlend Haugen Herstad, Sp
Hilmar Høl, Ap
Torbjørn Vereide, Ap
Anne Lilleaasen, H
Jon Olav Kvamme, KrF

Forfall til møtet:

Jakob Andre Sandal, SV
Aleksander Øren Heen, Sp
Marita Aarvik, Frp

Varamedlemmer til stades:

Eldrid Skudal, SV
Per Atle Kjøllesdal, Sp

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Jan Heggheim
Ass. fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad
Ass. fylkesdirektør Endre Høgalmen

Sekretariat for møtet:

Helga Bjørkhaug

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Hovudutvalet valde møteleiar og Jon Olav Kvamme til å godkjenne møteboka på vegne av organet.

Orienteringar:

- Musea i Sogn og Fjordane: Drift og status i dag og planar og utfordringar framover - ved adm. dir. Kjartan Aa Berge og styreleiar Laura Kvamme.
- Retningslinjer for melding om brot på kulturminnelova, grunnlag for politimelding og orientering om tap av kulturminne i Lærdal og Byrkjelo - ved ass. fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad.

- Nærings- og nyskappingsarbeid i verdiskapingsplanen - ved ass. fylkesdirektør Endre Høgalmen.

Muntlege orienteringar frå administrasjonen:

- Høyring NOU om søndagsopne butikkar
- Fellesnemnda – orientering om den administrative prosessen
- Fylkesting for ungdom (FTU) på Skei 6.- 8. april – partia er oppmoda om å stille på samlinga.

SAK 9/18 Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

1. Norsk Bremuseum - svar på søknad - tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018
2. Breibandsutbygging i Arnafjord - svar på søknad om tilleggsøyving
3. Svar - Søknad om ekstra tilskot til breibandsutbygging i Erdal
4. Årsmelding 2017 - Tusenårsstaden Gulatinget
5. Tusenårsstaden Gulatinget - vidare strategiar
 - a. Gulatinget - Vestlandsmakt gjennom 400 år
6. Harastølen - bevaringsløysing
 - a. Harastølen - riving eller bevaring, ei ny tid for Harastølen?
 - b. Harastølen - presentasjon for fylkeskommunen 6.02.18
 - c. Vil framføra teaterstykket på Harastølen - Sogn Avis
7. Stiftinga Singerheimen – orientering til stiftar Sogn og Fjordane fylkeskommune
8. Svar - Søknad om tilskot - Prosjekt : Ope temamøte i Sunnfjord BOBY
9. «Kløften» - fornya søknad om investeringstilskot
10. UKM-festivalen i Høyanger 13. – 15. april – invitasjon til hovudutval for næring og kultur

SAK 10/18 Kommunale næringsfond - tildeling 2018

VEDTAK:

1. Balestrand kommune får midlar til kommunalt næringsfond for 2018 sjølv om dei er over grensa for inntekter frå konsesjonsavgift på 2 mill. kr. Grunnen er at kommunen så vidt overstig grensa, og spranget opp til neste kommune med meir inntekter enn Balestrand er svært stort.
2. Kvar av kommunane Eid, Selje, Førde, Gaular, Jølster, Naustdal, Gulen, Sogndal og Leikanger får eit stimuleringstilskot på kr. 70 000 for felles førstelineteneste.

Kommunane Førde, Gaular, Jølster, Naustdal, Sogndal og Leikanger får kr. 70 000 i stimuleringstilskot for felles næringsfond. Kommunane Eid og Selje får kr. 23 333 for felles næringsfond.

3. Følgjande kommunar får tilskot til kommunalt næringsfond for 2018, som vert tildelt i denne saka (inkludert stimuleringstilskota):

Kommune	Totalt tilskot 2018
Askvoll	386 165
Balestrand	315 779
Eid	600 927
Fjaler	378 151
Flora	739 318
Førde	923 176
Gaular	523 915
Gloppen	497 014
Gulen	428 413
Hornindal	312 503
Hyllestad	320 516
Jølster	525 376
Leikanger	498 413
Naustdal	517 283
Selje	469 037
Sogndal	723 348
Solund	297 305
Stryn	550 543
Vågsøy	502 817
Totalt	9 510 000

4. Flora, Gloppen, Leikanger og Sogndal må levere politisk handsama rapport før midlane kan betalast ut.
5. Kommunane må rette seg etter notat om rolledeling i finansieringssaker, vedtekne kapitalgrenser og gjeldande regelverk. Fylkesdirektøren får fullmakt til å gje utfyllande presiseringar i tilskotsbrev.
6. Midlane vert dekkja av 9,510 mill. kr. avsett til kommunale næringsfond i budsjett 2018, tenestoområde 7015 – Nyskaping.

SAK 11/18 Handlingsplan cruise-strategi

VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til framlegget til handlingsplan for iverksetjing av cruisestrategien for Vestlandfylka.

SAK 12/18 Rekruttering og kompetanseheving i landbruket 2018

VEDTAK:

1. Hovudutval for næring og kultur vedtek «Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket 2018» slik den ligg føre.
 2. Fylkesdirektør for næring og kultur får i samarbeid med fylkesdirektør for opplæring fullmakt til å tildele midlar i tråd med planen.
-

SAK 13/18 Årsplan 2018. Verdiskapingsplanen

VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtek årsplanen for arbeidet med regional plan for verdiskaping for 2018.
 2. Finansiering av arbeidet er for Sogn og Fjordane fylkeskommune sin del avklara gjennom budsjettet for 2018.
-

SAK 14/18 Statsbudsjettet 2018 - kap. 1429 post 71 - Tildeling tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap

VEDTAK:

1. Dei løyvde midlane frå statsbudsjettet 2018 kap. 1429 post 71 vert fordelt til følgjande:

a. Parken, S. Kloumanns allé nr. 7	kr. 50 000,-
b. Hotel Mundal, Sogndal kommune	kr. 2 500 000,-
c. Fjøs i Bensentunet, Jølster kommune	kr. 385 000,-
d. Bispestova i Lavik, Høyanger kommune	kr. 220 000,-
e. Seltuftberget brakke, Aurland kommune	kr. 300 000,-
f. Heimdalstrand, Balestrand kommune	kr. 575 000,-
g. Lovisendal, Gulen kommune	kr. 60 000,-
h. Kaupanger hovedgård, drengestova og vedhuset, Sogndal kommune	kr. 410 000,-
i. Kaupanger hovedgård, Låven, Sogndal kommune	kr. 6 000,-
j. Flahammer, Luster kommune	kr. 220 000,-
k. Wittgensteinhuset, Luster kommune	kr. 800 000,-
l. Yris hotell, Eid kommune	kr. 70 000,-
m. Håkonstova på Otternes, Aurland kommune	kr. 400 000,-
n. Eilertstova på Otternes, Aurland kommune	kr. 430 000,-
o. Vonens hus, Fjaler kommune	kr. 150 000,-
p. Restaureringsleiar	kr. 400 000,-

Sum fordelte tilskot

kr. 6 976 000,-

2. Tilskot frå statsbudsjettet 2018 kap- 1429 post 71 som ikkje vert fordelt no, kr. 524 000,- og resten av rentemidlane for 2017, kr. 66 166,- vil bli fordelt seinare, samstundes med fordelinga av førehandsløyvinga for 2019.
3. Det vert ikkje løyvd tilskot til fyljande prosjekt:
 - a. Bunker ved Måløyraidsenteret, Vågsøy kommune
 - b. Ulvikbui, Lærdal kommune
 - c. Leikvin, Eid kommune
 - d. Askelund, Balestrand kommune
4. Våningshuset på Hovland, Sogndal kommune får tildelt kr. 45 000,- til dekking av meirkostnadar som følgje av vilkår i gitt dispensasjon. Midlane vert henta frå tilbaketrekte midlar frå 2015, kr. 12 000,-, og rentemidlar frå 2017 kr. 33 000,-
5. Førehandsløyvinga for 2019 vert fordelt i eit seinare møte.
6. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruk av tilskot i tildelingsbrevet til den enkelte tilskotsmottakar.

SAK 15/18 Søknad om støtte til restaurering av Kinn kyrkje

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Søknad om økonomisk støtte til restaurering av Kinn kyrkje for 2018 vert avslått.
2. Søknad vert vurdert på nytt i samband med handsaming av fylkeskommunen sitt budsjett for 2019.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til eit punkt 2 i staden for punkt 2 i tilrådinga:

Hovudutval for næring og kultur forventar at Riksantikvaren etablerer eit eige bevaringsprogram for dei viktige mellomaldersteinkyrkjene i landet. Hovudutvalet ber fylkesdirektøren følgje opp og støtte Flora kommune i dialogen med Riksantikvaren.

Avrøysting:

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Søknad om økonomisk støtte til restaurering av Kinn kyrkje for 2018 vert avslått.
2. Hovudutval for næring og kultur forventar at Riksantikvaren etablerer eit eige bevaringsprogram for dei viktige mellomaldersteinkyrkjene i landet. Hovudutvalet ber fylkesdirektøren følgje opp og støtte Flora kommune i dialogen med Riksantikvaren.

**SAK 16/18 Utviklingsavtale Forum for natur og friluftsliv (FNF)
2018 -2019**

VEDTAK:

1. Hovudutvalet tek til vitande at samarbeidet mellom Forum for natur og friluftsliv og Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vidareført i 2018 og 2019 gjennom utviklingsavtale, og at fylkesdirektøren nyttar avsette budsjettmidlar til friluftslivsføremål og folkehelse inn i avtalen. Hovudutvalet tek også til vitande at fylkesrådmannen legg inn midlar frå klimabudsjettet i denne avtalen.
2. Hovudutval for næring og kultur gir også eit tilskot på kr 200 000 for 2018 til prosjektet «Ung meistring i vill Vestlandsnatur» i regi av Sogn og Fjordane turlag med budsjettdekning teneste 4005 hovudutval for næring og kultur til disposisjon.
3. Søknad frå FNF om lønsmidlar på kr 100 000 vert avslått. Det vert vist til at det i avtalen er lagt inn grunnstøtte til FNF, og denne er føresett å dekke driftskostnader for FNF, inkludert lønskonstanter.
4. Prosjektsøknad frå Sogn og Fjordane jeger- og fiskerforbund vert avslått. Det vert her vist til at prosjektsøknaden omtalar ordinær organisasjonsaktivitet, og ikkje fyller krava til eit prosjekt. I avtalen er lagt inn grunnstøtte til organisasjonen, og denne kan nyttast fritt til å støtte opp om og gjennomføre planlagte aktivitetar. Hovudutvalet viser elles til at organisasjonen kan søkje statlege aktivitetsmidlar som fylkeskommunen forvaltar, og ventar at fylkesdirektøren sørgjer for at moglege aktuelle søknader frå Sogn og Fjordane jeger- og fiskerforbund vert vurdert innan den budsjetttramma som der gjeld.
5. Budsjettdekning for dei ulike prosjekt og driftsmidlar vert vist i kapittel 4 i saksframstillinga.

SAK 17/18 PreForm AS, Fjaler - tilskot til drift

VEDTAK:

1. PreForm As får eit tilskot til drift i 2018 på 300 000 kroner.
 2. Tilskotet vert retta inn til løn og honorar til personressursar som driv arbeidet vidare, med dei føringane som er gitt i søknaden og saka.
 3. Tilskotet vert henta frå programområde 4005, til disposisjon for hovudutval for næring og kultur.
 4. Det er eit vilkår at det vert levert rapport og rekneskap for tiltaket.
-

SAK 18/18 Regionale utviklingsmidlar 2018 - fordeling 1

VEDTAK:

1. Nærøyfjorden Verdsarvpark får kr 150 000 til prosjektet Vandring og verdiskaping i Verdsarvparken – prosjektår 2018.
 2. Nærøyfjorden Verdsarvpark får kr 347 000 til prosjektet Stien som ferdselsåre gjennom natur- og kulturarven.
 3. Nærøyfjorden Verdsarvpark får kr 96 400 til prosjektet Kunnskapsinnhenting – ferdselsteljing.
 4. Den førebelse statusrapporten for hydrogensatsinga vert teken til vitande. Det blir sett av kr 875 000 til fylkeskommunen sin hydrogeninnsats i 2018. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere desse midlane.
 5. Sykkylven Næringsutvikling AS får avslag på støtte til prosjektet Designvegen.
 6. Vestlandsforskning får kr 300 000 fordelt på kr 75 000 i året over fire år til prosjektet Konsekvensar av klimaendringar for det naturbaserte reiselivet i Norge.
 7. Mohnsenteret for innovasjon og utvikling ved Høgskulen på Vestlandet får kr 600 000 til gjennomføring av prosjektet Program for studententreprenørskap.
 8. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere kr 450 000 til ei trainee-løysing frå hausten 2018.
 9. Tilskota vert finansiert slik:
 - a. Tilskota til Nærøyfjorden Verdsarvpark vert dekkja med midlar frå KMD-midlar frå tidlegare år/utviklingsfond næring.
 - b. Tilskotet til hydrogensatsinga vert dekkja med kr 675 000 som står att på utviklingsfond for næring (opprinneleg avsett til prosjektet Tredivaren), og kr 200 000 frå KMD-midlar frå tidlegare år/utviklingsfond næring.
 - c. Tilskotet til Vestlandsforskning vert dekkja med midlar frå næring og kultur sitt 2018-budsjett, tenesteområde 7018 Kunnskap.
 - d. Tilskotet til Mohnsenteret vert dekkja med midlar frå næring og kultur sitt 2018-budsjett, tenesteområde 7015 Nyskaping.
 - e. Midlane til trainee-løysinga vert dekkja over næring og kultur sitt budsjett for 2018, tenesteområde 7015 Nyskaping.
 10. Fylkesdirektøren set nærare vilkår i eigne tilskotsbrev.
-

